

Møteinnkalling

Utval:	Fellesnemnda-AU
Møtestad:	Stord hotell, Leirvik
Dato:	29.04.2019
Tid:	15:30

Du vert med dette kalla inn til møtet i fellesnemnda-au måndag 29. april.

Program

Kl. 15.30 – 15.35 Opning
Kl. 15.35 - Saksbehandling

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Fellesnemnda-AU. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.



Anne Gine Hestetun
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 13/19	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 14/19	Godkjenning møteprotokoll 26.03.19	2019/3389	
PS 15/19	Referatsaker (skriv og meldingar)		
PS 16/19	Ymse		
PS 17/19	Vidare utarbeiding av reglement for Folkevalde organ i Vestland fylkeskommune - del I	2018/16486	

PS 13/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Arkivnr: 2019/3389-1
Saksbehandlar: Anita Fjellheim

Saksframlegg		
Saksgang	Saknr.	Møtedato
Utval		
Fellesnemnda-AU	14/19	29.04.2019

Godkjenning av møtebok FN-AU 26.03.19

Forslag til vedtak

Møteboka vert godkjent.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Møteprotokoll FN-AU 26.03.19

Møteprotokoll

Utval: Fellesnemnda-AU
Møtestad: Scandic Sunnfjord Hotel & Spa, Førde
Dato: 26.03.2019
Tidspunkt: 13.00 – 14.30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hordaland		
Anne Gine Hestetun	Leiar	A
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Sogn og Fjordane		
Jenny Følling	Nestleiar	SP
Sigurd E. Reksnes	Medlem	SP
Åshild Kjelsnes	Medlem	A
Bjørn Hollevik	Medlem	H

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Prosjektleiar
Tore Eriksen	Fylkesrådmann, Sogn og Fjordane
Thorbjørn Aarethun	Seniorrådgjevar, Hordaland
Anne-Kjersti Stavø Stenehjem	Seniorrådgjevar, Sogn og Fjordane
Per Morten Ekerhovd	Fylkesdirektør kultur og idrett, Hordaland
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar, fylkessekretariatet, Hordaland
Ole Vegard Skauge	Seniorrådgjevar, fylkeskonservatoren, Hordaland
Runar Bjørkvik Mæland	Rådgjevar, Sogn og Fjordane
Birthe Johanne Fredheim Finstad	Rådgjevar, Sogn og Fjordane
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent, fylkessekretariatet, Hordaland
Merethe Helland Nordnæs	Møtesekretær/seniorrådgjevar, Hordaland

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 7/19	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 8/19	Godkjenning av møtebok FN-AU 04.02.19	2019/3389	
PS 9/19	Referatsaker (skriv og meldingar)		
RS 3/19	Høring - Endring av vedtekter for KS - representasjon til Fylkesmøter og Landsting	2019/2617	
PS 10/19	Ymse		
PS 11/19	Fylkesvåpen for Vestland -framlegg til utarbeiding av alternative forslag	2015/1434	

PS 7/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 26.03.2019

Vedtak

Møteinnkallinga og saklista vart godkjent utan merknader.

PS 8/19 Godkjenning av møtebok FN-AU 04.02.19

Forslag til vedtak

Møteboka vert godkjent.

Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 26.03.2019

Vedtak

Møteboka frå møte den 04.02.2019 vart godkjent utan merknader.

PS 9/19 Referatsaker (skriv og meldingar)

Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 26.03.2019

Referatsak RS 3/19 vart referert.

RS 3/19 Høring - Endring av vedtekter for KS - representasjon til Fylkesmøter og Landsting

PS 10/19 Ymse

Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 26.03.2019

Orientering: Arbeid med alternative framlegg til fylkesvåpen.

Ved Ole Vegar Skauge, seniorrådgjevar fylkeskonservatoren i Hordaland.

Elles ingen saker til ymse.

PS 11/19 Fylkesvåpen for Vestland -framlegg til utarbeiding av alternative forslag

Forslag til vedtak

Arbeidsutvalet til Fellesnemnda slutter seg til framlegget til vidare prosess frå Prosjektleiariar slik det kjem fram i saksutgreiinga.

Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 26.03.2019

Jenny Følling (SP) sette fram slikt forslag:

«Ny variant av vinnarforslaget – tilbydar C natur og landskap – vert lagt til grunn for utarbeiding av fargealternativ, og dette vert lagt fram for fellesnemnda.»

Røysting:

Jenny Følling sitt forslag vart samrøystes vedteke mot prosjektleiariar sitt forslag, som fekk ingen røyster og fall.

Vedtak

Ny variant av vinnarforslaget – tilbydar C natur og landskap – vert lagt til grunn for utarbeiding av fargealternativ, og dette vert lagt fram for fellesnemnda.

PS 12/19 Reglement for klagenemnd, administrasjonsutval og medverknadsorgan

Forslag til vedtak

FN-AU gjev prosjektleiariar fullmakt til å arbeide vidare med reglement på grunnlag av de innspel FN-AU gjev i møte.

Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 26.03.2019

Anne Gine Hestetun (A) sette fram slikt tilleggssforslag:

«Prosjektleiariar skal utarbeide forslag til ulike modellar for organisering av ungdommens fylkesting. Prosjektleiariar skal utrede ei modell der ungdommens fylkesting er sett saman av representantar for dei politiske ungdomspartia, basert på oppslutnad i skulevalet. FN-AU ønskjer også at prosjektleiariar utgreiar ei modell der halvparten av representantane i ungdommens fylkesting er representantar frå ungdomspartia basert på oppslutnad i skulevalet, og halvparten er representantar frå ungdomsråda og andre born- og ungdomsorganisasjonar.»

Røysting:

Tilleggssforslaget frå Anne Gine Hestetun fekk 2 røyster (A, Hestetun og H, Bjørkly) og fall. Prosjektleiariar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

FN-AU gjev prosjektleiariar fullmakt til å arbeide vidare med reglement på grunnlag av de innspel FN-AU gjev i møte.

PS 15/19 Referatsaker (skriv og meldingar)

PS 16/19 Ymse

Arkivnr: 2018/16486-43

Saksbehandlar: Sigrid H Aardal, Petter Lem Gullestad, Merethe Helland Nordnæs, Silje Lyngstad

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda-AU	17/19	29.04.2019

Vidare utarbeiding av reglement for Folkevalde organ i Vestland fylkeskommune - del I**Samandrag**

I FN-AU sitt møte 04.02.2019 vart det i PS 06/19 lagt fram sak om utarbeiding av reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune. Prosjektlear sitt forslag vart samrøystes vedteke og FN-AU tok saka til drøfting og orientering. Saka vart deretter lagt fram for fellesnemnda som melding den 14.02.2019.

I FN-AU sitt møte 26.03.2019 i PS 12/19 vart AU presentert for følgjande reglement:

- Reglement for administrasjonsutvalet
- Reglement for klagenemnd
- Reglement for medverknadsorgana

FN-AU gjorde eit samrøystes vedtak om å gje prosjektlear fullmakt til å arbeide vidare med reglement på grunnlag av dei innspel som kom fram i møtet.

I denne saka vil FN-AU verte presentert for 10 reglement i samband med framdriftsplan som vart gjeve i PS 12/19:

- Reglement for fylkesutvalet
- Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering
- Reglement for hovudutval for samferdsel og mobilitet
- Reglement for hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon
- Reglement for hovudutval for opplæring og kompetanse
- Reglement for fylkesvalsstyre
- Reglement for finansutval
- Reglement for planutval
- Reglement for trafikktryggingsutval
- Reglement for valnemnd

Prosjektlear ber FN-AU om fortsatt fullmakt til å arbeide vidare med reglement på grunnlag av dei innspel FN-AU gjev i møte.

Forslag til vedtak

FN-AU gjev prosjektlear fortsatt fullmakt til å arbeide vidare med reglement på grunnlag av dei innspel FN-AU gjev i møte.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Reglement for fylkesutval i Vestland fylke
- 2 Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering
- 3 Reglement for hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon
- 4 Reglement for hovudutval for opplæring og kompetanse
- 5 Reglement for hovudutval for samferdsel og mobilitet
- 6 Reglement for trafikktryggingsutvalet
- 7 Reglement for finansutvalet
- 8 Reglement for fylkesvalstyret
- 9 Reglement for planutvalet
- 10 Reglement for valnemnda

Prosjektleiarsak, 12.04.2019**1. Bakgrunn for saka**

I FN-AU sak 12/19 la prosjektleiarsak fram første sak i samband med utarbeiding av reglement. Saksframlegget vart utarbeida på bakgrunn av tidlegare prosessvedtak i PS 6/19 kor ein mellom anna har beskrive kva reglement for folkevalde organ skal omfatte:

«§ 5-13.Reglement for folkevalgte organer

Folkevalgte organer skal ha et reglement som fastsetter

- a) organets virkeområde og eventuelle vedtaksmyndighet
- b) tidsperioden som organet er opprettet for
- c) eventuelle andre sentrale bestemmelser om organets virksomhet»

Ein må og utforme eit reglement for delegering og innstilling samt reglement for saksbehandling, jf. ny kommunelov §§ 5-14 og 11-12.

I FN-AU sak 12/19 vart AU presentert for følgjande reglement:

- Reglement for administrasjonsutvalet
- Reglement for klagenemnd
- Reglement for medverknadsorgan

I same sak vart det lagt opp til ein vidare prosess med følgjande mål for presentasjon av dei andre vedtekne utvala:

Oversikt over framdriftsplan for reglement for folkevalde organ

Emne	FN-AU 26.3	FN-AU 29.4	FN-AU 13.5	FN-AU 11.6
Reglement for administrasjonsutvalet	X			
Reglement for klagenemnd	X			
Reglement for medverknadsorgan	X			
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		X		
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		X		
Hovudutval for opplæring og kompetanse		X		
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		X		
Reglement for Fylkesvalstyre		X		
Reglement for Finansutval		X		
Reglement for Planutval		X		
Reglement for Trafikktryggingsutval		X		
Reglement for Valnemnd		X		
Reglement om sakshandsaming			X	
Reglement om delegering frå fylkestinget til folkevalde organ og fylkesrådmann			X	
Framlegg om fullstendig reglement				X

I tråd med denne oversikten vil FN-AU verte presentert for 10 forslag til reglement i denne saka:

- Reglement for fylkesutvalet
- Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering

- Reglement for hovudutval for samferdsel og mobilitet
- Reglement for hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon
- Reglement for hovudutval for opplæring og kompetanse
- Reglement for fylkesvalsstyre
- Reglement for finansutval
- Reglement for planutval
- Reglement for trafikktryggingsutval
- Reglement for valnemnd.

Prosjektlear vil gjere merksam på at ein ved ein inkurie ikkje finn reglement for fylkesting og fylkesutval i oversikta. Reglement for fylkesutvalet vil difor verte presentert i denne saka saman med dei andre reglementa, medan reglement for Vestland fylkesting vert presentert i FN-AU sitt møte 13.05.2019.

2. Generelle merknader knytt til reglementa

I FN-AU sak 12/19 vart AU bede om å kome med innspel til korleis framtidig reglement kan byggjast opp i forhold til struktur og tilgjengelegheit. Prosjektlear oppfatta at AU ønskja at reglementa skal vere eit samla dokument slik at det ikkje er naudsynt å «leite» fleire stader. Dette er det teke omsyn til i arbeidet med reglementa og vil og vere ein føresetnad i den vidare prosessen.

I ny kommunelov er *utval* og *komitear* slått saman til *utval*, med eitt felles sett reglar. Planutvalet, finansutvalet og trafikktryggingsutvalet som er vedteke oppretta i Vestland, er altså utval oppretta i medhald av ny kommunelov § 5-7, noko som og tydeleg vil gå fram av reglementa. I nemnde utval vil det i tillegg til dei folkevalde medlemene vere konsultative medlemmer. Konsultative medlemmer er *funksjonsvald*. Konsultative medlemmer har ikkje forslags- og røysterett.

Prosjektlear er kjend med at det er enno ikkje er tatt stilling til nytt namn på tittelen «fylkesrådmann». Det er ikkje gjort formelt vedtak på kva slags tittel ein skal nytta i staden for «rådmann». På den bakgrunn har prosjektlear vald å bruket omgrepet «fylkesrådmann» i reglementa som vert presentert fram til noko anna er bestemt.

3. Reglement for fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune

Reglementet for fylkesutvalet er bygd opp etter ein lest som er nytta for alle reglementa for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune.

I tidlegare sak behandla i fellesnemnda PS 22/18 er det lagt føringar for kva ansvarsområde fylkesutvalet skal ha. Fylkesutvalet har i tillegg til å leggje fram forslag til økonomiplan og årsbudsjett eit overordna ansvar for tverrsektorielle fag- og politikkområde som gjeld heile den fylkeskommunale verksemda. I tillegg er det presisert at fylkesutvalet har eit særleg ansvar for å ivareta samfunnsutviklarrolla, og skal sjå oppgåver i eit regionalt heilskapsperspektiv. Dette er viktige oppgåver som er teke inn i reglementet som no er framlagt.

Det er tidlegera fastsett at alle saker som skal til behandling i fylkestinget skal leggjast fram for fylkesutvalet som innstiller til fylkestinget. Det er såleis eit hovudprinsipp at det berre er fylkesutvalet som innstiller til fylkestinget. Unntaket frå dette er innstilling frå kontrollutvalet og valnemnda, samt saker som gjeld lovlegkontroll.

Talet på medlemmer til fylkesutvalet er i tidlegare sak tilrådd å vera 17 medlemmer. Det er vidare tilrådd at ein legg til grunn at medlemene av fylkesutvalet, med unntak av fylkesordførar og fylkesvaraordførar, og skal sitje som medlem i eit av dei fire hovudutvala.

I reglementet er det teke inn oppgåver innan økonomi, personalforvaltning og andre spesifikke saker som er lagt til utvalet. Dette gjeld bl.a. utanrettslege pengekrav, oppnemning til

generalforsamlingar/årsmøte/styrande organ når avgjerda ikkje kan vente til fylkestinget er samla og andre oppgåver som ikkje ved lov, forskrift eller delegeringsvedtak er lagt til andre organ.

Nokre av dei oppgåvene som er lagt inn i reglementet for fylkesutvalet kunne vore lagt inn i delegeringsreglement. Men det har frå fellesnemnda - AU blitt gjeve uttrykk for at ein ønskjer at ein i størst mogeleg grad ønskjer å samle føresegner på ein plass, slik at ein ikkje treng å orientere seg i fleire reglement. Med bakgrunn i dette har ein samla det som er delegert til fylkesutvalet i det reglementet som gjeld for dette utvalet. Det vil då vere naturleg at det som er knytt til delegering av oppgåver knytt til særlov vert samla i eit delegeringsreglement.

Sommarfullmakt til fylkesordføraren er og lagt inn i reglementet. Det er praktisk at dette vert reglementfesta slik at ein ikkje treng sak kvart år for å gjere eit vedtak om dette.

4. Reglement for planutvalet i Vestland fylkeskommune

Planutvalet sitt arbeidsområde er dei regionale planprosessane i fylkeskommunen. Planutvalet skal skape politisk forankring og sikre heilskapsomsynet for regionale planar. Planutvalet skal saman med administrasjonen leggje strategiske føringar for dei regionale planane. Planutvalet gir politiske styringssignal i høve pågåande planarbeid og er involvert i planutforminga. Dei regionale planane skal deretter behandlast i hovudutval, fylkesutval og fylkesting.

Samansetjinga av utvalet er gjort i samsvar med vedtak gjort av fellesnemnda den 16.11.2018 i sak PS 45/18 – Politisk organisering i Vestland fylkeskommune – tilleggsutgreiing fase II. Det vart her vedteke at planutvalet sine medlemmer skulle vere personsamanfallande med det nye fylkesutvalet.

I protokoll frå møte i fellesnemnda den 16.11.2018 går det fram at: «6. *Hovudutvalsleiarane bør tiltre planutvalet i prosessdrøftingane.*» Hovudutvalsleiarane får status som konsultative medlemmer. Dei konsultative medlemmene har møte- og talerett, men ikkje forslags- og røysterett.

5. Reglement for finansutvalet i Vestland fylkeskommune

Finansutvalet utarbeider framlegg til årsbudsjett og økonomiplan som vert sendt til politisk behandling. Administrasjonen legg fram ulike tema i arbeidsdokument som grunnlag for arbeidet og prosessvedtak i utvalet. Finansutvalet har det politiske ansvar for budsjettprosessen gjennom heile året. Finansutvalet utarbeider framlegg til årsbudsjett og økonomiplan for Vestland fylkeskommune.

Det går fram av sak til fellesnemnda AU PS 6/19 – Utarbeiding av reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune at: «*Prosjektleiar tilrår Sogn og Fjordane sin modell og samansetning for finansutvalet.*» I Hordaland fylkeskommune har ein ikkje finansutval.

Finansutvalet er omtalt slik i reglementet for fylkesutvalet i Sogn og Fjordane:

«Fylkesutvalet, med tillegg av hovudutvalsleiarane og gruppeleiarane for dei partia som eventuelt ikkje er representerte i fylkesutvalet eller har hovudutvalsleiar, har funksjon som finansutval i arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan og som planutval i arbeidet med regionale plansaker.»

I reglementet som prosjektleiar no legg fram, er det teke utgangspunkt i at finansutvalet er personsamanfallande med fylkesutvalet. Dette for å sikre den representative politiske styringa i prosessen. For å sikre politisk involvering får gruppeleiarane som ikkje sitt i fylkesutvalet og hovudutvalsleiarane status som konsultative medlemmer.

6. Reglement for fylkesvalstyre i Vestland fylkeskommune

Fylkesvalstyret sitt arbeidsområde er tilrettelegging av val og kontroll med gjennomføring av val i kommunane.

Når det gjeld samansetjinga av fylkesvalstyret, er fylkesvalstyret sine medlemmer personsamanfallande med fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune. Fylkesordførar er leiar. Fylkesvaraordførar er nestleiar. I Sogn og Fjordane fylkeskommune har fylkesutvalet funksjon som fylkesvalstyre, jfr. Reglement for fylkesutvalet § 4. I Hordaland fylkeskommune er fylkesvalstyret sine medlemmer og varamedlemmer, medlemene og varamedlemene i fylkesutvalet. Dette går fram av reglementet for fylkesvalstyret.

7. Reglement for hovudutvala i Vestland fylkeskommune

I fellesnemnda sitt møte 22.06.2018 i sak 22/18 vart det vedteke at Vestland fylkeskommune skal ha fire hovudutval:

- Hovudutval for kultur, idrett og integrering
- Hovudutval for opplæring og kompetanse
- Hovudutval for samferdsel og mobilitet
- Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

I sak 22/18 vart det vedteke at fylkestinget sine 65 medlemmer, med unntak av fylkesordførar, fylkesvaraordførar og kontrollutvalet sine medlemmer, skal fordelast på hovudutvala. Dette inneber at alle medlemmer i fylkesutvalet og skal ha ein plass i eit av hovudutvala. Dette medfører at ein får ei fordeling på 15 medlemmer på kvart hovudutval, sjå og FN-AU-sak 6/19. For å sikre maktspreiing er det ikkje høve for eit medlem i fylkesutvalet å bli utvalsleiar for eit hovudutval.

I fellesnemnda sitt møte 22.06.2018 i sak 22/18 vart det under punkt 2 om politisk organisering lagt som ein viktig premis at utvala vert likestilte i størst mogleg grad når det gjeld oppgåver og ansvar. I saka vart det sett opp ei oversikt over dei områda dei ulike hovudutvala skal ha ansvar for. Prosjektleiar meiner det er viktig at ein positivt angjev arbeidsområda til utvala for størst mogleg grad å synleggjere kor skilnaden ligg. Særleg fordi ein har ei heilt ny samansetting og at ein i tillegg har lagt til eit fjerde utval. Det er viktig å merkje seg at oppgåvene ikkje er uttømmende og at andre relevante oppgåver kan verte lagt til utvala.

Når det gjeld arbeidsform så skal saker som gjeld fleire utval leggjast fram for dei aktuelle hovudutvala. Dette er i samsvar med praktiseringa i dagens to fylke, og heng samstundes saman med reglementet slik det ligg føre for fylkesutvalet. Hovudutvala innstiller til fylkesutvalet.

8. Reglement for valnemnda i Vestland fylkeskommune

Valnemnda gir innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget. Valnemnda sitt arbeidsområde er å leggje fram forslag til medlemmer, varamedlemmer, leiar og nestleiar i fylkeskommunen sine råd og utval, kor ikkje anna er fastsett i lov eller i reglement.

Valnemnda legg og fram forslag til representantar til styrande organ i selskap, stiftingar og institusjonar, generalforsamlingar mv, der fylkeskommunen har medlemmer og varamedlemmer i styret. Valnemnda behandlar og søknader om fritak og om midlertidig fritak, frå fylkeskommunen sine medlemmer i råd og utval.

Valnemnda i Hordaland fylkeskommune har pr. i dag 11 medlemmer. Valnemnda for Vestland fylkeskommune vert no foreslått utvida med 2 medlemmer, til 13 medlemmer. Dei 13 medlemene skal reflektere styrkeforholdet i fylkestinget. Alle partia skal vere representerte i valnemnda. Dette inneber at talet medlemmer til valnemnda kan verta endra for å sikre desse omsyna. Leiar og nestleiar vert valde av fylkestinget. Møta i valnemnda er knytt opp mot fylkestinget sine møter.

Møta i valnemnda finn stad i forkant av møtet i fylkestinget. I Hordaland fylkeskommune har det fungert slik at dersom det er saker om til dømes val, som skal behandlast på møtet i fylkestinget, har ein hatt møte i valnemnda i forkant av møtet i fylkestinget, på den fyrste dagen i fylkestinget.

Fylkestinget kan derimot ikkje gi fritak frå verv i aksjeselskap, stiftingar og andre selskap som er sjølvstendige rettssubjekt. Søknad om fritak frå verv i slike rettssubjekt må rettast til rettssubjektet sjølv, jf. til dømes aksjelova § 6-7. Fylkestinget kan etter førespurnad frå det aktuelle rettssubjekt gi innstilling til nytt medlem i styret dersom søknad om fritak vert gitt for det aktuelle styremedlem.

Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som gjeld oppnemning av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar og liknande, når avgjerda ikkje kan venta til fylkestinget er samla. For valnemnda gjeld reglement for saksbehandling.

9. Reglement for trafikktryggingsutvalet i Vestland fylkeskommune

Etter vegtrafikklova § 40a skal fylkeskommunen ha ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremme trafikktryggleiken i fylket. Den 10.09.2018 vart det i FN-AU sak 23/18 vedteke at dette ansvaret skal organiserast gjennom eit trafikktryggingsutval. Utvalet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7.

1. Om samansettinga

Ved samansettinga av trafikktryggingsutvalet er det tatt utgangspunkt i Sogn og Fjordane sitt gjeldande reglement samt Hordaland si ordning slik den er i dag. Per i dag har begge fylke ei samansetting på fem medlemmer, men prosjektleiar ser det som naturleg at også dette utvalet vert utvida på lik line med andre utval. Sjå til dømes reglement for klagenemnda og medverknadsorgana.

Trafikktryggingsutvalet vil ha ei samansetting av syv medlemmer kor fem av medlemene skal vere frå utval for samferdsel og mobilitet, og kor to medlemmer skal veljast bland medlemene i dei andre hovudutvala. Sett i samanheng med utvalets fagområde, ser prosjektleiar det som naturleg at utvalsleiar for samferdsel og mobilitet og er utvalsleiar for trafikktryggingsutvalet.

I tillegg til dei politisk valde medlemene skal det og vere konsultative medlemmer i trafikktryggingsutvalet. Det finst ikkje ei opplisting av konkrete medlemmer i Sogn og Fjordane sitt reglement, og ein finn heller ikkje god dokumentasjon på korleis dei vert oppnemnd i Hordaland. Då trafikktryggingsutvalet har ansvar for eit stort fagområde som til tider krev større fagleg bistand, meiner prosjektleiar at det er viktig å positivt angje faste etatar i reglementet. Dette er til dømes gjort i Trøndelag fylkeskommune sitt reglement. Det er likevel naudsynt å opne for at utvalet sjølv kan vurdere ytterlegare behov for den faglege bistanden, anten permanent eller frå sak til sak. Til slutt skal det under dette punkt presiserast at dei konsultative medlemene skal ha møte- og talerett, men ikkje forslags- og røysterett.

2. Andre merknader

Trafikktrafikktryggingsutvalet skal i all hovudsak arbeide med trafikktrygging i fylket, jf. reglementet punkt 2. Prosjektleiar legg til grunn at trafikktryggingsutvalet skal ha minst fire møter i året og elles etter behov. Det er etter det prosjektleiar er kjent med einighet i begge fylkeskommunar om at det bør stadfestast eit minimumstal på tal møte i året.

Reglement for fylkesutvalet

Fylkesutvalet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-6. Fylkesutvalet har det daglege samordningsansvaret for planlegging og økonomiforvaltning innan fylkeskommunen sitt ansvarsområde, og ansvar for å leggje fram forslag til økonomiplan og årsbudsjett.

Fylkesutvalet har eit overordna ansvar for tverrsektorielle fag- og politikkområde som gjeld heile den fylkeskommunale verksemda.

Fylkesutvalet skal for å ivareta samfunnsutviklarrolla med mellom anna å sjå følgjande oppgåver i eit regionalt heilskapsperspektiv:

- Klima, miljø og berekraft.
- Internasjonalt arbeid.
- Folkehelse.
- Eigarskap.
- Regional planstrategi.
- Kommunale og statlege planar.
- Tannhelse.

1. Samansetjing

Fylkesutvalet har 17 medlemmer med varamedlemmer, valde i samsvar med kommunelova kap.7. Alle medlemmene, med unntak av fylkesordførar og fylkesvaraordførarar skal og vera medlem i eit hovudutval.

Fylkesutvalet er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

2. Oppgåver

2.1. Saker der utvalet tek avgjerd

Enkelt saker som ikkje er lagt til andre organ på følgjande område:

2.1.1. Økonomi

Sjå eige delegeringsreglement for økonomiske saker.

Bygg- og eigedomsforvaltning

- sal og kjøp av eigedomar opp til eit beløp på 5 mill. kr
- sal og kjøp av aksjar innanfor ei ramme på 2 mill. kr. Salsutbyttet vert å setja av til ubundne fond.
Rammene gjeld for det enkelte kjøpet/salet.
- fastsetjing av satsar for utleige av fylkeskommunale skulebygg etter innstilling frå hovudutval for opplæring og kompetanse.
- inngå avtaler om leige og utleige av fast eigedom, som er av langsiktig (10 år eller meir) eller vesentleg (2 mill. i årleg leige) verdi.

Utrangering, riving av bygning o.l.

- utrangering av bygningar
- alternativ bruk/utleige av utrangerte bygg
- riving av bygg

2.1.2. Personalforvaltning

- godkjenning av tingingar/drøftingar for fylkesrådmannen
- tilsetjing av fylkesrådmannen sin faste avløysar og fastsetjing av løn til vedkomande

2.1.3. Gjeremål fastsett i særlov

Sjå eige reglement om delegering etter særlov og delegering frå staten til fylkesutvalet.

2.1.4. Utanrettslege pengekrav

Betaling av pengekrav, inkludert erstatning, og ettergjeving av fylkeskommunale krav i enkeltsaker for beløp over kr 1 000 000,-.

2.1.5 Oppnemning til generalforsamlingar/årsmøte/styrande organ i selskap, stiftingar o.l.

Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen på årsmøte og generalforsamlingar. Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi andre fullmakt til å representera fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte. Dette gjeld også for aksjeselskap der fylkeskommunen er einaste aksjonær.

Oppnemning av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar o.l. når avgjerda ikkje kan venta til fylkestinget er samla.

2.1.6. Andre oppgåver

Fylkesutvalet tek avgjerd i saker som ikkje ved lov, forskrift eller delegeringsvedtak er lagt til anna organ.

2.2. Saker der utvalet gjev tilråding

Fylkesutvalet gjev innstilling i alle saker som fylkestinget skal avgjera, med unntak saker der valnemnda innstiller, saker som gjeld lovlegkontroll og saker frå kontrollutvalet.

2.3. Mynde som underinstans

Fylkesutvalet er underinstans ved klage på vedtak gjort i medhald av delegering frå statleg organ når statleg organ er klageinstans.

3. Avgjerd i hastesaker

Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som skulle vore avgjort av fylkestinget, når det er naudsynt å treffa vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalla dette, jfr. kommunelova § 11-8.

4. Fullmakt til fylkesordføraren

I dei sommarvekene fylkesutvalet ikkje har møte, har fylkesordføraren fullmakt til å gjera vedtak på vegner av fylkesutvalet i saker som ikkje er av prinsipiell rekkevidd, jfr. kommunelova § 6-1.

Melding om vedtak gjort etter slik fullmakt vert å leggja fram for fylkesutvalet i første møte etter ferien.

5. Reglar for saksbehandling

For fylkesutvalet gjeld Reglement for saksbehandling.

Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering

Utval for kultur, idrett og integrering er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7. Utvalet skal ha ansvar for saker knytt til kultur, idrett og integrering basert på dei regionale styringslinene som ligg føre.

1. Utval. Samansetjing

Namn. Medlemstal

Utval for kultur, idrett og integrering skal ha 15 medlemmer.

Medlemmer og varamedlemmer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar. Medlemene og varamedlemene skal veljast mellom fylkestinget sine medlemmer og varamedlemmer. Medlem i hovudutval som sitt i fylkesutvalet kan ikkje bli vald som leiar av utvalet.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

2. Oppgåver

Utval for kultur, idrett og integrering skal innan sitt saksområde arbeida med:

- kulturarv/kulturminne
- spelemidler til anlegg for fysisk aktivitet og lokale kulturbygg
- kulturformidling og kulturutvikling
- frivillig sektor
- fylkesbibliotek og fylkesarkiv
- integrering og mangfald
- andre relevante oppgåver innafør saksområdet

Innafor fylkeskommunen si eiga verksemd skal utvalet særskild arbeide med:

- utforming av mål for verksemda og prioriteringar for tenestetilbodet sett i høve til økonomiske føresetnader og kvalitetskrav, og koplå opp mot regionalpolitikken
- retningslinjer for tenestetilbodet og drifta
- økonomiplan / årsbudsjett
- endring av budsjetttrammer
- resultatvurdering

3. Saker der utvalet har avgjerdsmynde

- sjå eige delegeringsreglement for økonomiske saker
- fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde.
- fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar innanfor sitt arbeidsområde.
- saker etter fullmakt fastsett i reglement for delegasjon etter særlov
- saker som overordna organ delegerer til utvalet
- tildeling av fylkeskommunale prisar relatert til saksområdet
- oppstart av temaplan innan eige ansvarsområde
- årleg rapport om gjennomføring av planar innan eige ansvarsområde
- fråsegn om regionale interesser i kommunale planar innan sitt fagansvar

4. Saker der utvalet gjev tilråding

- framlegg til årsbudsjett, økonomiplan og andre planer innanfor utvalet sitt arbeidsområde.

- saker der fylkesutvalet tek avgjerd etter innstilling frå utvala i samsvar med reglement for delegasjon etter særlov
- gje innstilling om vedtak av planprogram innan sitt ansvarsområde
- utarbeide/styre og fylgja opp regionale planar innan sitt ansvarsområde
- gje innstilling om høyringsforslag og endeleg plan innan eige ansvarsområde
- gje innstilling om revidert handlingsprogram innan eige ansvarsområde
- ansvaret for å ivareta regionale planar i kommunale arealplanar

5. Arbeidsform

I saker som gjeld fleire utval sitt ansvarsområde, skal sak leggjast fram for alle dei aktuelle fagutvala.

Når ei sak femner om fleire utval sitt arbeidsområde og det er viktig at eit utval har hovudansvaret, avgjer fylkesordføraren i samråd med utvalsleiarane kva utval som skal ha hovudansvar for saka.

I utgreiingsfasen av ei sak kan utvalet leggja saker direkte fram for fylkestinget til drøfting for å få innspel. I viktige saker innan politikkkutforming kan utvala bruka opne høyringar som arbeidsform.

6. Saksbehandling

For utvala gjeld Reglement for saksbehandling.

7. Fråsegner

Fråsegner på vegner av Vestland fylkeskommune vert å leggja fram for fylkestinget/fylkesutvalet. Utvalet kan gje sjølvstendige fråsegner innan sitt saksfelt.

Reglement for hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Utval for næring, naturressursar og innovasjon er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7. Utvalet skal ha eit overordna ansvar for forskningsbasert innovasjon kor kunnskap og teknologiutvikling må sjåast i samanheng med behovet for utvikling av eksisterande næringsverksemdar samt behov for omstilling til nye næringsvegar.

1. Utval. Samansetjing

Namn. Medlemstal

Utval for næring, naturressursar og innovasjon skal ha 15 medlemmar.

Medlemer og varamedlemer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar. Medlemene og varamedlemene skal veljast mellom fylkestinget sine medlemer og varamedlemer. Medlem i hovudutval som og sitt i fylkesutvalet kan ikkje bli vald som leiar av utvalet.

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

2. Oppgåver

Utval for næring, naturressursar og innovasjon skal innan sitt saksområde arbeida med:

- næringsutvikling
- forskning og utvikling (FoU)
- energi- og naturressursforvaltning
- kommunalt næringsarbeid
- innovasjon Noreg
- klima og miljø
- andre relevante oppgåver innafor saksområdet

Innafor fylkeskommunen si eiga verksemd skal utvalet særskild arbeide med:

- utforming av mål for verksemda og prioriteringar for tenestetilbodet sett i høve til økonomiske føresetnader og kvalitetskrav, og kopla opp mot regionalpolitikken
- retningslinjer for tenestetilbodet og drifta
- økonomiplan / årsbudsjett
- endring av budsjetttrammer
- resultatvurdering

3. Saker der utvalet har avgjerdsmynde

- sjå eige delegeringsreglement for økonomiske saker
- fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta og som gjeld næringsføremål
- tilskotssaker vedkomande regional næringsutvikling
- fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar
- saker etter fullmakt fastsett i reglement for delegasjon etter særlov
- saker som overordna organ delegerer til utvalet
- tildeling av fylkeskommunale prisar relatert til saksområdet
- oppstart av temaplan innan eige ansvarsområde
- årleg rapport om gjennomføring planar innan eige ansvarsområde
- fråsegn om regionale interesser i kommunale planar innan sitt fagansvar

4. Saker der utvalet gjev tilråding

- framlegg til årsbudsjett, økonomiplan og andre planer innanfor utvalet sitt arbeidsområde.
- saker der fylkesutvalet tek avgjerd etter innstilling frå utvala i samsvar med reglement for delegasjon etter særlov
- gje innstilling om vedtak av planprogram innan sitt ansvarsområde
- utarbeide/styre og fylgja opp regionale planar innan sitt ansvarsområde
- gje innstilling om høyringsforslag og endeleg plan innan eige ansvarsområde
- gje innstilling om revidert handlingsprogram innan eige ansvarsområde

5. Arbeidsform

I saker som gjeld fleire utval sitt ansvarsområde, skal sak leggjast fram for alle dei aktuelle fagutvala.

Når ei sak femner om fleire utval sitt arbeidsområde og det er viktig at eit utval har hovudansvaret, avgjer fylkesordføraren i samråd med utvalsleiarane kva utval som skal ha hovudansvar for saka.

I utgreiingsfasen av ei sak kan utvalet leggja saker direkte fram for fylkestinget til drøfting for å få innspel. I viktige saker innan politikktutforming kan utvala bruka opne høyringar som arbeidsform.

6. Saksbehandling

For utvala gjeld Reglement for saksbehandling.

7. Fråsegner

Fråsegner på vegner av Vestland fylkeskommune vert å leggja fram for fylkestinget/fylkesutvalet. Utvalet kan gje sjølvstendige fråsegner innan sitt saksfelt.

Reglement for hovudutval for opplæring og kompetanse

Utval for opplæring og kompetanse er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7. Utvalet skal styrke den regionale kompetansopolitikken gjennom eit tettare samarbeid mellom arbeidsliv og utdannings- og opplæringsaktørar om behov og tilrettelegging for utdanning og kompetanseutvikling.

1. Utval. Samansetjing

Namn. Medlemstal

Utval for opplæring og kompetanse skal ha 15 medlemmer.

Medlemer og varamedlemer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar. Medlemene og varamedlemene skal veljast mellom fylkestinget sine medlemer og varamedlemer. Medlem i hovudutval som og sitt i fylkesutvalet kan ikkje bli vald som leiar av utvalet.

Hovudutval for opplæring og kompetanse er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

2. Oppgåver

Utval for opplæring og kompetanse skal innan sitt saksområde arbeida med:

- vidaregåande opplæring
- fagskulen
- fagopplæring
- vaksenopplæring
- kompetanseheving og kompetanseformidling i fylket
- regionale og heilskaplege nærings- og kompetansestrategiar
- regional og statleg planlegging innanfor sektoren
- andre relevante oppgåver innafor saksområdet.

I fylkeskommunen si eiga verksemd skal utvalet særskild arbeide med:

- utforming av mål for verksemda og prioriteringar for tenestetilbodet sett i høve til økonomiske føresetnader og kvalitetskrav, og kopla opp mot regionalpolitikken
- retningslinjer for tenestetilbodet og drifta
- økonomiplan / årsbudsjett
- endring av budsjetttrammer
- resultatvurdering

3. Saker der utvalet har avgjerdsmynde

- sjå eige delegeringsreglement for økonomiske saker.
- fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde.
- fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar innanfor sitt arbeidsområde.
- saker etter fullmakt fastsett i reglement for delegasjon etter særlov
- saker som overordna organ delegerer til utvalet
- tildeling av fylkeskommunale prisar relatert til saksområdet
- fordeling av midlar til ombygging av fylkeskommunale bygg innanfor gitte rammes
- fordeling av løyvingar til større undervisningsutstyr
- oppstart av temaplan innan eige ansvarsområde
- årleg rapport om gjennomføring planar innan eige ansvarsområde
- fråsegn om regionale interesser i kommunale planar innan sitt fagansvar

4. Saker der utvalet gjev tilråding

- framlegg til årsbudsjett, økonomiplan og andre planer innanfor utvalet sitt arbeidsområde.
- saker der fylkesutvalet tek avgjerd etter innstilling frå utvala i samsvar med reglement for delegasjon etter særlov
- gje innstilling om vedtak av planprogram innan sitt ansvarsområde
- utarbeide/styre og fylgja opp regionale planar innan sitt ansvarsområde
- gje innstilling om høyringsforslag og endeleg plan innan eige ansvarsområde
- gje innstilling om revidert handlingsprogram innan eige ansvarsområde

5. Arbeidsform

I saker som gjeld fleire utval sitt ansvarsområde, skal sak leggjast fram for alle dei aktuelle fagutvala.

Når ei sak femner om fleire utval sitt arbeidsområde og det er viktig at eit utval har hovudansvaret, avgjer fylkesordføraren i samråd med utvalsløiarane kva utval som skal ha hovudansvar for saka.

I utgreiingsfasen av ei sak kan utvalet leggja saker direkte fram for fylkestinget til drøfting for å få innspel. I viktige saker innan politikkkutforming kan utvala bruka opne høyringar som arbeidsform.

6. Saksbehandling

For utvala gjeld Reglement for saksbehandling.

7. Fråsegner

Fråsegner på vegner av Vestland fylkeskommune vert å leggja fram for fylkestinget/fylkesutvalet. Utvalet kan gje sjølvstendige fråsegner innan sitt saksfelt.

Reglement for hovudutval for samferdsel og mobilitet

Utval for samferdsel og mobilitet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7. Utvalet har ansvar for å sikre at innbyggjarane og næringslivet har eit transportsystem som gjev miljøvenleg og trygg transport, tilstrekkelig mobilitet og tilgjenge til viktige reisemål.

1. Utval. Samansetjing

Namn. Medlemstal

Utval for samferdsel og mobilitet skal ha 15 medlemmar.

Medlemer og varamedlemer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar. Medlemene og varamedlemene skal veljast mellom fylkestinget sine medlemer og varamedlemer. Medlem i hovudutval som sitt i fylkesutvalet kan ikkje bli vald som leiar av utvalet.

Hovudutval for samferdsel og mobilitet er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

2. Oppgåver

Utval for samferdsel og mobilitet skal innan sitt saksområde arbeida med:

- fylkesvegar
- kollektivtrafikk og skuleskyss
- oppfølging av Nasjonal transportplan (NTP)
- regional transportplan
- transportløyve
- tilrettelagd transport (TT-ordninga)
- elektroniske kommunikasjonstenester, til dømes infrastruktur for breiband/fiber
- andre relevante oppgåver innafor saksområdet

Innafor fylkeskommunen si eiga verksemd skal utvalet særskild arbeide med

- utforming av mål for verksemda og prioriteringar for tenestetilbodet sett i høve til økonomiske føresetnader og kvalitetskrav, og kopla opp mot regionalpolitikken
- retningslinjer for tenestetilbodet og drifta
- økonomiplan / årsbudsjett
- endring av budsjetttrammer
- resultatvurdering

3. Saker der utvalet har avgjerdsmynde

- sjå eige delegeringsreglement for økonomiske saker.
- fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde.
- fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar innanfor sitt arbeidsområde.
- saker etter fullmakt fastsett i reglement for delegasjon etter særlov
- saker som overordna organ delegerer til utvalet
- tildeling av fylkeskommunale prisar relatert til saksområdet
- oppstart av temaplan innan eige ansvarsområde
- årleg rapport om gjennomføring planar innan eige ansvarsområde
- fråsegn om regionale interesser i kommunale planar innan sitt fagansvar

4. Saker der utvalet gjev tilråding

- framlegg til årsbudsjett, økonomiplan og andre planar innanfor utvalet sitt arbeidsområde.
- saker der fylkesutvalet tek avgjerd etter innstilling frå utvala i samsvar med reglement for delegasjon etter særlov

- gje innstilling om vedtak av planprogram innan sitt ansvarsområde
- utarbeide/styre og følgja opp regionale planar innan sitt ansvarsområde
- gje innstilling om høyringsforslag og endeleg plan innan eige ansvarsområde
- gje innstilling om revidert handlingsprogram innan eige ansvarsområde

5. Arbeidsform

I saker som gjeld fleire utval sitt ansvarsområde, skal sak leggjast fram for alle dei aktuelle fagutvala for tilråding.

Når ei sak femner om fleire utval sitt arbeidsområde og det er viktig at eit utval har hovudansvaret, avgjer fylkesordføraren i samråd med utvalsleiarane kva utval som skal ha hovudansvar for saka.

I utgreiingsfasen av ei sak kan utvalet leggja saker direkte fram for fylkestinget til drøfting for å få innspel. I viktige saker innan politikkkutforming kan utvala bruka opne høyringar som arbeidsform.

6. Saksbehandling

For utvala gjeld Reglement for saksbehandling.

7. Fråsegner

Fråsegner på vegner av Vestland fylkeskommune vert å leggja fram for fylkestinget/fylkesutvalet. Utvalet kan gje sjølvstendige fråsegner innan sitt saksfelt

Reglement for trafikktryggingsutvalet

Trafikktryggingsutvalet er oppretta i medhald av kommunelova § 5-7. Etter vegtrafikklova § 40a har fylkeskommunen eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggleiken i fylket. Trafikktryggingsutvalet i Vestland skal vere eit fylkeskommunalt organ som er rådgjevande i saker som gjeld trafikkspørsmål, og i saker som gjeld koordinering av trafikktryggingsarbeidet i Vestland fylke.

1. Samansetjing

Utvalet skal ha syv medlemmer kor fem av medlemene skal vere frå utval for samferdsel og mobilitet, og to av medlemene skal vere frå dei andre hovudutvala.

Medlemmer og varamedlemmer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar. Utvalsleiar for samferdsel og mobilitet skal vere leiar av trafikktryggingsutvalet.

Trafikktryggingsutvalet er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

I tillegg til dei valde medlemene i møte deltek følgjande representantar frå institusjonar som konsultative medlem:

- Vestland politidistrikt
- Fylkesmannen i Vestland
- Trygg Trafikk
- Fylkeskommunens administrasjon
- Utrykningspolitiet
- Statens vegvesen
- Skyss/Kringom
- Autoriserte trafikkskolers landsforbund (ATL)

Dei konsultative medlemene har talerett. Dei konsultative medlemene har ikkje forslags- og røysterett. Tal på konsultative medlem kan utvidast slik trafikktryggingsutvalet finn det tenleg.

2. Oppgåver

a) Trafikktryggingsutvalet skal gjennom sitt område:

- ta dei initiativ utvalet finn naudsynt, og samordne offentleg og frivillig trafikktryggingsarbeid i fylket. Trafikktryggingsutvalet har ansvar for utarbeiding av eit handlingsprogram for Vestland.
- lage ein årsplan for dei konkrete tiltaka som er tenkt gjennomført i Vestland kor det synleggjerast kven som er ansvarleg for at tiltaka vert gjennomførte.
- krevje å få lagt fram kommuneplanar, reguleringsplanar, planar etter veglova, undervisningsplanar og andre planar der trafikktryggleiken er særleg viktig.
- stimulere og støtte det kommunale og frivillige trafikktryggingsarbeidet.
- ta opp andre saker som er viktig for trafikktryggleiken.

b) Saker der trafikktryggingsutvalet har avgjerdsmynde:

- sjå eige delegeringsreglement for økonomiske saker.
- tildeling av trafikksikringsprisen. Utvalet fastsett sjølv retningslinene for tildelinga.

c) Saker der trafikktryggingsutvalet har tilrådingsrett

- i saker innafor sitt arbeidsområde, og kor dei ikkje har avgjerdsmynde.

d) Fråsegn

- innan sitt arbeidsområde kan utvalet gjeve sjølvstendige fråsegner på vegner av utvalet
- utvalet gjev og fråsegn i saker som vert lagt fram for utvalet frå andre utval.

3. Arbeidsform

Trafikktryggingutvalet skal ha minst fire møter i året og elles etter behov.

4. Saksbehandling

For trafikktryggingutvalet gjeld Reglementet for saksbehandling.

Reglement for finansutvalet

Finansutvalet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7. Finansutvalet har det politiske ansvar for budsjettprosessen. Finansutvalet utarbeider framlegg til årsbudsjett og økonomiplan for Vestland fylkeskommune.

1. Samansetjing

Finansutvalet er personsamanfallande med fylkesutvalet i Vestland, leiarane for hovudutvala og gruppeleiarane i dei parti, som ikkje er representerte i fylkesutvalet.

Fylkesordførar er leiar. Fylkesvaraordførar er nestleiar.

Gruppeleiarane for dei parti som ikkje er representerte i fylkesutvalet og hovudutvalsleiarane er konsultative medlemer.

Dei konsultative medlemene har talerett. Dei konsultative medlemene har ikkje forslags- og røysterett.

Finansutvalet er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

2. Oppgåver

- Har det politiske ansvar for budsjettprosessen gjennom heile året.
- Utarbeide framlegg til årsbudsjett og økonomiplan for Vestland fylkeskommune.

3. Saksbehandling

For finansutvalet gjeld Reglement for saksbehandling.

Reglement for fylkesvalstyret

Fylkesvalstyret vert vald med heimel i Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (vallova § 4-3). Fylkesvalstyret sitt arbeidsområde er tilrettelegging av val og kontroll med gjennomføring av val i kommunane.

1. Samansetjing

Fylkesvalstyret sine medlemmer er personsamanfallande med fylkesutvalet i Vestland. Fylkesordførar er leiar. Fylkesvaraordførar er nestleiar.

Fylkesvalstyret er vald for den fylkeskommunale valperioden.

2. Oppgåver

- Fylkesvalstyret sine oppgåver går fram av Lov om valg til fylkesting og kommunestyre (vallova) med forskrifter.

3. Saksbehandling

For fylkesvalstyret gjeld Reglement for saksbehandling.

Reglement for planutvalet

Planutvalet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7. Planutvalet sitt arbeidsområde er dei regionale planprosessane i fylkeskommunen.

Planutvalet skal saman med administrasjonen leggje strategiske føringar for dei regionale planane og gi politiske styringssignal i høve pågåande planarbeid. Dei regionale planane skal deretter behandlast i hovudutval, fylkesutval og fylkesting.

1. Samansetjing

Planutvalet sine medlemmer er personsamanfallande med fylkesutvalet i Vestland. Fylkesordførar er leiar. Fylkesvaraordførar er nestleiar.

Hovudutvalsleiarane er konsultative medlemmer av planutvalet.

Dei konsultative medlemene har talerett. Dei konsultative medlemene har ikkje forslags- og røysterett.

Planutvalet er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

2. Oppgåver

- Skape politisk forankring og sikre at heilskapsomsynet vert ivareteke gjennom regionale planar.
- Gir retningsgjevande og strategiske føringar og innspel til fylkesrådmann og administrasjonen sitt samla planarbeid.

3. Saksbehandling

For planutvalet gjeld Reglement for saksbehandling.

4. Arbeidsform

Planutvalet vil, som politisk leiande prosessorgan, ha følgjande arbeidsform:

- a) Fylkesrådmannen legg fram arbeidsdokument for planutvalet etter ein fastsatt plan, der utvalet gir strategisk retning for pågåande planprosessar.
- b) Fylkesrådmannen legg aktuelle regionale planar fram for handsaming i dei respektive hovudutvala, fylkesutvalet og fylkestinget, jf. plan og bygningslova sine reglar.

Reglement for valnemnda

Valnemnda er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7. Valnemnda gir innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget. Valnemnda sitt arbeidsområde er å leggje fram forslag til medlemmer, varamedlemmer, leiar og nestleiar i fylkeskommunen sine råd og utval, der ikkje anna er fastsett i lov eller i reglement.

Valnemnda legg og fram forslag til representantar til styrande organ i selskap, stiftingar og institusjonar, generalforsamlingar mv, der fylkeskommunen har medlemmer og varamedlemmer i styret. Valnemnda handsamar og søknader om fritak og om midlertidig fritak, frå fylkeskommunen sine medlemmer i råd og utval.

1. Samansetjing

Fylkestinget vel i det konstituerande møtet, etter innstilling frå fylkesutvalet, ei valnemnd for heile valbolken. Valnemnda bør ha 13 medlemmer. Talet medlemmer skal reflekterer styrkeforholdet i fylkestinget. Alle partia skal vere representerte i valnemnda. Dette inneber at talet medlemmer kan verte endra.

Medlemmer og varamedlemmer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar.

Valnemnda er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

2. Oppgåver

- valnemnda gir innstilling i saker om val der avgjerda om valet ligg til fylkestinget.
- valnemnda gir innstilling i saker om val av skjønnsmedlemmer.
- valnemnda gir innstilling i saker om suppleringsval i samband med at fylkeskommunale representantar vert innvilga fritak eller midlertidig fritak.
- valnemnda gir innstilling i saker som gjeld søknader om fritak og om midlertidig fritak, der avgjerda ligg til fylkestinget. Jfr. kommunelova § 7-9 2. ledd.

3. Saksbehandling

For valnemnda gjeld Reglement for saksbehandling.

4. Arbeidsform

Møta i valnemnda er knytt opp mot fylkestinget sine møter. Møtet i valnemnda finn stad i forkant av møtet i fylkestinget.

5. Avgjerd i hastesaker

Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som gjeld oppnemning av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar o.l. når avgjerda ikkje kan venta til fylkestinget er samla.